



Lunde3bygg AS
Kleivdalsvegen 290
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/578 - 18/27745

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
10.10.2018

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 200/5

Tiltak: Ny etablering av driftsavkøyrsløse
Byggjestad: Gbnr: 200/5 Kleivdalsvegen 290
Tiltakshavar: Bjarte Haga Lunde
Ansvarleg søkjar: Lunde3bygg AS

Delegasjonssak nr.: 479/18

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for veg opp til planlagt hestestall/fjøs.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Søkjar ynskjer å etablere ein ny jordbruksveg frå den kommunale vegen Kleivdalsvegen og opp til eit platå på tomte kor det skal etablerast ein ny stall med plass til nokre båsar for småfe. Stallen er tenkt oppført for utleige og eige bruk.

Det var synfaring på staden i august saman med eigarane av garden. Frå kommunen møtte VA- og vegavdelinga.

Vurdering/drøfting:

Det er etablert fleire avkøyrsløse på eigedomen frå den kommunale vegen. Det var i utgangspunktet ikkje ønskjeleg med fleire. På vedlagt teikning er avkøyrsløse betegna X, Y og Z.

I samtale med grunneigar vart det einigheit om at Y skal stengjast fysisk for køyretøy. Tilkomst til rideområdet skal etablerast via etablert plass med tilkomst frå avkøyrsløse Z.

Avkøyrsløse X kan etablerast dersom byggesak godkjenner bygging av stall. Det må og søkjast byggesak for etablering og bygging av avkøyrsløse X samt tilkomstveg til stall.

Samandrag/konklusjon:

Vegavdelinga kan etter veglova gjere vedtak om etablering av omsøkt avkøyrsløse, merka X, på vilkår sett i løyvet.



Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til oppretting av avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43. Vegavdelinga gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Avkjørsle X føreset godkjent byggesak for stall. Dersom byggesaka vert godkjent skal tilkomstvegen ved ferdigmelding vere innsnevra til ei vegbreidde på 1,7m, eigna for gange med hest.
- Når avkjørsle X er etablert, skal Avkjørsle Y fysisk stengast for køyretøy. Tilkomst til området må leggjast om via Avkjørsle Z.
- Det må sendast inn søknad om avkøyringsløyve for avkjørsle Z.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skisse - bilde med betegnelse på avkøyrslar

Kopi til:

Bjarte Haga Lunde	Kleivdalsvegen 290	5915	HJELMÅS
-------------------	-----------------------	------	---------

Byggesak Camilla Henanger Lunde	Kleivdalsvegen 290	5915	HJELMÅS
------------------------------------	-----------------------	------	---------

Mottakarar:

Lunde3bygg AS	Kleivdalsvegen 290	5915	HJELMÅS
---------------	-----------------------	------	---------